

Levemaate

1) Av alt dette nye som no kjeme paa,
det svekkjer vaart folk og vaart land.
For fint vil dei leva og stort vil dei slaa
um aldri dei eiga eit grann.
Og bondefolket lever som storfolket før.
Dei lepjar i kaffi og kaka og smør.
Dei bukkar og skrapar paa storfantevis,
forneme og kalde som is.

2) Før var vaar ungdom so gjæv og so gild
og ymis var maten dei naut.
No toler 'kje gjentone supa og sild,
og gutane griner aat graut.
Aa ganga til doktor var før inkje bruk,
men no er det mote aa melda seg sjuk.
Kvar giftandes gjenta seg leggjer i kur
og dylja si gode natur.

3) Før gjorde gutane sjøl sine skor
um gjeringi inkje var rar.
Men har du kje frakke og springstøvlar no
so vert du kje halden for kar.
Og gjentone har slike framande snitt.
Dei strypar og snørar og strammar seg stridt
Dei bleiknar i kinn og dei veiknar i hand,
det går ned med vaart folk og vaart land.

4) Av alt dette nymodes skrote og skrap,
lat da gaa, lat da gamle faa raa.
Me har no havt nokk utav storfolk og knot,
spelar helsa og livet av folk.
Aa liva som storkar og døy som ein fant,
med skuld over øyro og buet i pant.
Ja, slikt er paa moten, so var da 'kje før.
Nei slikt vil me kasta paa dør.